



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2022	Eldrerådet	PS	21.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

LEVE HEILE LIVET: EIN BUSTAD FOR HEILE LIVET - DRØFTINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet - Sak 14/2022

ELD - Behandling:

Kommunalsjef Helse og meistring viste p.p.-presentasjon med oppsummering frå bustadkonferansen i Bergen 31. mai. Det vart også orientert om skisser av Norconsult til ombygging til mindre leilegheiter i 5. etasje på Helsehuset på Dale (presentert for Kommunestyret i februar 2020).

Eldrerådet drøfta moglegheiter for bustadar som kan passa for heile livsløpet og vil følgja opp denne satsinga som er ein viktig del av Leve heile livet-reforma. Eldrerådet ønskjer å verta kobla på arbeidet med Samfunnsdelen av Kommuneplanen.

ELD - Tilråding/Vedtak:

Eldrerådet tek saka til orientering og vil jobba vidare med planar for bustadar for heile livet i Vaksdal kommune.

Saksopplysningar:

Leve heile livet-reforma har aldersvenleg samfunn som eit av satsingsområda, og viktigheita av universelt utforma ute- og inneområde samt tilrettelagde bustadar for alle livsfasar vert framheva.

I Vaksdal kommune sin plan for Leve heile livet har også dette satsingsområdet ein sentral plass, og eit av innspela som er teke vidare frå dialogmøtet i Turbinen, er bustadpolitikk som tek omsyn til ulike typar bustadar i ulike livsfasar.

Eldrerådet og tilsette i kommunen deltok saman på konferanse i regi av støtteapparatet for Leve heile livet i Bergen 31.05.2022. Temaet var «Ein bustad for heile livet». Det var m.a. innlegg om korleis eldre kan planleggja og tilretteleggja eigen busituasjon og kva NAV Hjelpemiddelsentralen kan bidra med. Og det vart presentert nye og framtidsretta bustadprosjekt som Helgetun bofellesskap i Bergen og Apotekergården i Førde sentrum.

På møtet vert det lagt opp til drøfting av korleis ein kan nytta inspirasjon og kunnskap frå konferansen vidare i arbeidet med å tilretteleggja i Vaksdal kommune i tråd med vedteken plan for Leve heile livet.